

Om måla til fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal både ha mål for eigen verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.


FNs 17 berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er nå bygd på dei fire knaggane

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i [regional planstrategi](#). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar, moglegheiter og planbehov i 12 år framover. Regional planstrategi vart vedtatt i juni 2020 (T-47/20), og her vart det valt fire langsiktige utviklingsmål for fylkeskommunen og fylket.

[Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2020-2024](#) følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Den vart vedtatt i oktober 2020 (T-64/20). Denne innehold 24 mål som skal gjelde for 4 år og følger fylkestingsperioden. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument. Det inneber at fagavdelingane – og hovudutvala – har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå sosiale, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke [fylkesstrategiar](#) som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneholder resultatmål som blir følt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram.



Samarbeidsfylket

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid



Oppsummering av status for 2021:

Fylkeskommune har i 2021 gjennomført ei rekke nettverkssamlingar, konferansar og kurs innan eit breitt spekter av tema og for mange ulike målgrupper. Fleire av desse er gjennomført i samarbeid med Statsforvaltaren, andre statsetatar og andre aktørar i fylket. Døme på tema er berekraft, planlegging, klima og miljø, folkehelse, kulturtilbod, trafikktrygging, integrering, førebyggande tannhelsearbeid og digitalisering. Samarbeidet om internasjonalisering er styrka med etablering av eit EU-nettverk i Møre og Romsdal. Koronapandemien gjorde at nokre møte og arrangement vart avlyst eller utsett. Fylkeskommunen har likevel lagt ned mykje arbeid på å legge til rette for samarbeid og kompetanseheving. Ei evaluering frå Møreforsking, gjort for å vurdere effekten av samarbeidssatsinga Møre og Romsdal 2025, viser at samarbeidet mellom offentlege aktørar i Møre og Romsdal har auka dei siste tre åra.

Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivillighet, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål

- Alle kommunane i fylket vart ferdige med kartlegging av berekraft ved bruk av FN-metodikken U4SSC. [Berekraftsprofil for regionen](#) vart utarbeidd og lansert nasjonalt
- I samarbeid med Statsforvaltaren, Miljødirektoratet og KS arrangerte vi ein [klimakonferanse](#) for kommunane i november med påfølgande webinar-serie.
- Saman med Statsforvaltaren gjennomførte fylkeskommunen ein nasjonal konferanse om sjøarealplanlegging. Du kan sjå [opptak av innlegga](#) på Statsforvaltaren si nettside
- Fylkeskommunen var med å arrangere [Miljøkonferansen Midt-Norge](#) i samarbeid med Sunndal næringsforening, Sunndal Sparebank og Suns.
- I samarbeid med Ungt Entreprenørskap og United Future Lab Norway, laga vi kurspakken "Berekraft i bedrift" for ungdomsbedrifter på vidaregåande skole

- Programmet Møre og Romsdal 2025 arrangerte [Nyttårskonferansen](#) med toppleiarar frå alle tre forvaltningsnivåa, to samlingar for statsetatane med ansvar for Møre og Romsdal, og fire samlingar for Levekårsnettverket, statsetatatar på velferdsområdet. Samlingane legg grunnlag for fylkesdekkande samarbeid
- Det er gitt samordna uttale til 1 247 plansaker, der søknader om dispensasjon frå kommuneplan utgjorde 886. Det er reist motsegn til 31 saker, ti færre enn i 2020. Det er starta arbeid med kvalitetssystem for oppfølging av kommunale planar i fylkeskommunen.
- Kommunane si rapportering på God Helse-samarbeidet for 2020 er publisert som [eigen rapport](#) og blir følgt opp i dialog med kommunane.
- Fylkeskommunen var medarrangør på nasjonal nettverkssamling for [Sunne kommunar](#) i september i Ålesund
- Det er gjennomført fleire regionale FrivilligFORUM der fylkeskommunen samlar frivillige organisasjonar og kommunalt tilsette
- Ungdomspanelet har saman med The North West utarbeidd [Ungdommens berekraftsplan](#)
- Fylkeskommunen har inngått samarbeid knytt til utviklinga av Sørsida i Ålesund, Campus Kristiansund, utvikling av Molde vest med Molde kommune og kulturhuset Normoria i Kristiansund. I tillegg til etablerte avtalar om Ørsta kultur og kompetansesenter og Spjelkavik Arena
- Vi har utvida FRAM sitt kollektivtilbod, «Travel like the locals», etter innspel frå destinasjonsselskapa, og vi har bidratt inn i arbeidet med Kystpilegrimsleia med informasjon om kollektivtransport mellom nøkkelpunkta.

Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper

- Vi har utarbeidd [Plan for kvalifisering av innvandrarar](#)
- Det er etablert regionale nettverk på Nordmøre, Sunnmøre og i Romsdal for å styrke samarbeidet om integrering av flyktningar
- MR2025 har gjennomført to forprosjekt mot utanforskap – eit samarbeid mellom Utdanningsavdelinga, Høyskolen i Molde, Høyskolen i Volda, Møreforskning og NTNU om effekt av tiltak for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring, og eit prosjekt i samarbeid med Ørsta kommune og levekårsnettverket om korleis kommunar kan arbeide tverrfagleg for å motverke utanforskap
- Tannhelstenesta utførte om lag 1000 timer førebyggande arbeid utanfor klinikkane i 2021
- Fylkeskommunen sitt arbeidet med å fremme kunst og kultur for, med og av barn og unge er blitt til det tiårige verdiskapingsprogrammet [UNG kunst og kultur](#)
- Det er etablert møteplass for datakultur for barn og unge i Kristiansund
- FoU-prosjektet “[Nye muligheter for digitale talenter](#)” er starta opp
- To profesjonelle kulturproduksjonar turnerte i kommunane gjennom ordninga [Den kulturelle spaserstokken](#) (DKSS).

Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla i EU

- EU-nettverket for Møre og Romsdal vart starta opp i 2021 og fylkeskommunen leier arbeidet. Gjennom nettverket samarbeider vi med næringsliv/klynger, forskingsmiljø, akademia og offentleg sektor om internasjonalisering

- Fem innovasjonsmiljø fekk tilskot til å utgreie mogleheter for framtidige internasjonale prosjekt
- Fylkeskommunen er samarbeidspart i det fireårige [prosjektet «The capital of Dacia – a living museum of European Cultural Heritage»](#) - som har fått midlar gjennom EØS-programmet RO-CULTURA. Samarbeidet med Romania har heldt fram sjølv om koronasituasjonen har gjort det umogleg med fysiske møte og reiser
- Ungdomspanelet har i samarbeid med administrasjonen levert søknad og fått innvilga Erasmus+ midlar til utvekslingsprosjekt med ungdommar i Polen i 2022
- Det er søkt og fått tilslag om midlar til JPI Urban Europe-prosjektet CREST – «Climate resilient coastal urban infrastructures through digital twinning», eit prosjekt om visualisering av konsekvensar klimaendringar har for byane våre. Prosjektet startar opp i 2022

Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn

- [Fylkeseldrekonferansen](#) vart gjennomført i Ålesund i november
- Det vart gjennomført tre fylkeskulturkonferansar i [Kristiansund](#), [Ålesund](#) og [Molde](#), med tema kultur og berekraft
- Fylkeskommunen har gitt råd og innspel om medverkingsprosessar i kommunale plansaker
- Det er utarbeidd [fylkesstatistikk](#) og [kommunestatistikk](#) som grunnlag til samfunnsdebatten og avgjerder i fylkeskommunen og kommunen – og i ny modernisert digital utgåve
- Det er tilrettelagt og publisert rådata frå [folkehelseundersøkinga](#) til bruk for kommunane
- Fylkeskommunen har som grunnlag for tenesteutvikling og brukarmedverknad, gjennomført 20 QuestBack-undersøkingar
- Saman med dei rådgivande utvala til fylkeskommunen er det gjennomført [kartlegging](#) av vilkåra for kommunale medverknadsorgan
- Det er gjennomført Ungdommens fylkesting i november og åtte samlingar i [ungdomspanelet](#)
- Det er gjennomført regionale møte med sekretærar for ungdomsråd i kommunane om utvikling av arbeidet med ungdomsmedverking i Møre og Romsdal
- Fylkeskommunen legg store ressursar i å legge til rette for at politiske møte skal kunne gjennomførast på best mogleg måte og vere offentleg tilgjengeleg. Dei politiske møta har i 2021 blitt gjort tilgjengeleg gjennom bruk av streaming, noko som har vore eit viktig tiltak i eit år med restriksjonar.
- Fylkeskommunen legg til rette for at dokumenta til fylkeskommunen er offentleg tilgjengelege i samsvar med gjeldande reglar og at alle dokument på [mrfylke.no](#) skal møte krava til universell utforming.
- Fylkeskommunen varetok rettstryggleik og har kompetanse innan kontraktsrett, utdanningsrett, arbeidsrett, eigedoms- og entrepriserett, saker etter veglova, offentlege anskaffinga og kommunal og forvaltningsrett

Miljøfylket

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1



Oppsummering av status for 2021:

I 2021 vart det for første gong utarbeidd klimabudsjett og klimarekneskap for Møre og Romsdal. Dette gir oss høve til å måle effekten av tiltak og om vi nærmar oss klimamåla. Nesten alle fylkeskommunale einingar er miljøfyrtaarn-sertifisert, og det er starta arbeid med å forbetre avfallshandtering og auke gjenbruk av inventar og utstyr. Det er kollektivtrafikken som står for den størst klimagassreduksjon i den fylkeskommunale verksemda i 2021. Det er stilt miljø- og klimakrav i fylkeskommunale innkjøp og i ulike tilskotsordningar.

Det er i 2021 gjort eit stort arbeid med å betre kartgrunnlag til bruk i planlegging, og særleg marine grunnkart i kystsona. Fylkeskommunen har også gitt næringsliv og forskingsmiljø eit løft for forsking knytt til marin sektor. Det er sett i gang fleire utviklingsprosjekt for meir bruk av fornybar energi. Skjergardtenesta har arbeidd for å redusere marin forsøpling. Det er utarbeidd plan og tiltak for å betre vasskvaliteten, og det er arbeidd med å legge betre til rette for friluftsliv. Vi har gjennom rådgiving og økonomiske tilskot lagt til rette for auka gjenbruk, bevaring og rehabilitering av eldre bygg- og anleggsmasse.

Fylkeskommunen har sett i verk mange tiltak for å bli miljøfylket nr. 1. På nokre område er vi i startgropa enno – og skal vi nå klimamåla for fylket, må innsatsen skrus opp enno nokre hakk.

Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

- Det er tilsett klima- og miljøkoordinator på seksjon for plan
- Fylkeskommunen har lagt fram sitt første **klimabudsjett** og klimarekneskap
- Utslepp frå buss, ferje og hurtigbåt er redusert med 6 890 tonn CO₂ i 2021. Dette er meir enn målet på 6 500 tonn CO₂
- Ny rutepakke i Ålesund, Giske og Sula vart starta opp i 2021 med 10 elektriske bussar
- Det er innført tiltak for å redusere klimagassutsleppa i vegdriftskontraktane, mellom anna krav til redusert utslepp på bilar/maskinar i vinterdrifta og mannskapsbilar, samt krav til årleg rapportering av utslepp frå entreprenørane
- Det er auka fokus på klima ved produksjon og utlegging av asfalt, både i form av gjenbruk, bruk av lågtemperatur-asfalt og lengre levetid som følge av betre kvalitet
- Fylkeshusa, alle kompetanseregionene innan tannhelse og 16 av 21 skolar er miljøfyrtaarnsertifisert
- Fylkeskommunen har fått midlar frå Miljødirektoratet (Klimasats-midlar) til å greie ut kva som er optimal infrastruktur for produksjon og bruk av null- og lågutsleppsenergi for transportsektoren
- Det er sett i gang prosjekt om biogassanlegg og alternative dreneringsmåtar på myr
- Miljøomsyn er etablert som kriterium i behandling av tilskot til bygg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet, samt i behandling av tilskot til kulturbrygg

- To produksjonar i den Den kulturelle skolesekken er gjort om til digitale produksjonar for skoleåret 2021/22
- Koronapandemien har ført til at mange møte med samarbeidspartnerar har vore gjennomført digitalt, slik at talet på reiser har vorte kraftig redusert

Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep

- Det interkommunale arbeidet med areal, klima og transport ([PAKT](#)) i Ålesundsregionen er vidareført, kartportalen er oppdatert med verdifulle landbruksareal, planutkastet har vore til offentleg høyring og er venta å bli vedtatt første halvår 2022
- Kartportalen [Gislink](#) som fylkeskommunen driftar saman med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Trøndelag og Trøndelag fylkeskommune blir stadig meir nytt, i 2021 viste brukarstatistikken 7,5 mill. requests (klikk)
- Det er utarbeidd kart til kartlegging av friluftslivsområde i 4 kommunar (Aure, Sunndal, Hustadvika, Kristiansund)
- For å styrke det marine kunnskapsgrunnlaget i fylket er 18 av 26 kommunar i Møre og Romsdal med i programmet [«Marine grunnkart i kystsonen»](#)
- Fylkeskommunen har støtta oppstart av ein interkommunal plan i sjø for Sula, Giske og Ålesund kommunar. Fylkeskommunen deltek i tillegg i arbeidet med interkommunale arealplanar i sjø for ytre søre Sunnmøre, interkommunal sjøplan i Aukra og Hustadvika kommunar og interkommunal sjøarealplan i Storfjorden
- Fylkeskommunen har gitt næringsliv og forskingsmiljøa eit løft på forsking knytt til marin sektor og støtte til forskingsinfrastruktur
- Det er lagt fram forslag til avgrensing av 12 verdifulle landskapsområde i den nasjonale kartlegginga og satsinga på såkalla [KULA-område](#)
- Prosjekt for [friluftslivets ferdelsårer](#) (2019-2023) i samarbeid med friluftsråda, kommunane og Miljødirektoratet har blitt vidareført
- Det vart inngått samarbeidsavtale med friluftsråda om ei skjergardsteneste som mellom anna skal arbeide med marin forsøpling

Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosistema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

- Regional plan for vassforvaltning for 2022-2027 vart vedtatt av fylkestinget i desember 2021.
[Meir informasjon om vassforvaltninga finn du på vannportalen.no](#)
- Totalt vart det starta opp 103 tiltak i vassregionen i 2021, det er ein auke frå tidlegare år
- I sjøaureprosjektet Mange bekkar små vart det kartlagt over 200 mindre sjøaurevassdrag, som grunnlag for å kunne sette i verk tiltak om nødvendig

Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg

- Gjennom arealplanbehandling har fylkeskommunen sett søkjelys på å sikre og redusere tapet av viktige kulturminne og kulturmiljø og hindre unødvendige landskapsinngrep
- Tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø i 2021 er registrert til under 0,4 prosent både for arkeologiske kulturminne (0,23%) og kulturminne frå nyare tid (0,22%)
- Starte opp tilstandsregistrering av lokale og regionale kulturminne i Stranda kommune

Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi

- Bidratt til Enova-støtte til forprosjekt for hydrogenproduksjon i Kristiansunds-området. [Les meir om sakana på mrfylke.no](#)
- Det er igangsett eit forprosjekt som skal utgreie moglegheita for å etablere Norges største solenergipark på Smøla - Solkraft Smøla. [Les mer om solenergiparken på mrfylke.no](#)
- Bygg- og eigedomsavdelinga har utgreidd bruk av solenergi på fylkeskommunale bygg (Lenke til T-94/21). Fagerlia vgs har etablert solcelleanlegg på nybygget. [Les meir i rapport om bruk av solenergi i fylkeskommunale bygg](#)

Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

- Det er gjennomført månadlege beredskapsøvingar på fylkesvegane, slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. Vi har også planlagt og gjennomført fleire øvingar for naudetataane, til dømes ulukker og brann i tunnel
- Det er arbeidd med brannsikring og tilskot til tette trehusmiljø av nasjonal verneverdi, og verneverdige mellomalderkyrkjer som Kvernes stavkyrkje
- Beredskapsplan for fonnenfunn er oppdatert med ny avtale om helikopterhjelp
- Fylkeskommune deltek i arbeidsgruppe saman med Statsforvaltaren om oppdatert FylkesROS og representantar frå fylkeskommunen har delteke i arbeid med tre case: Radikalisering og valdeleg ekstremisme, sikkerheitspolitisk krisa og klimaendringar

Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering

- Gjennom den årlege klima- og miljørapporteringa har kvar eining i fylkeskommunen registrert eigne mål og handlingsplan for m.a. avfallshandtering. Dette inneholder: 1) måltal for restavfall, del av avfallet som er kjeldesortert og matsvinn 2) beskriving av dei viktigaste tiltaka for å oppnå måltala.
- Det er sett mål om 5 prosent reduksjon i restavfall frå dei fylkeskommunale skolebygga, men dette har vist seg utfordrande da dei ulike renovasjonsselskapene i fylket har ulik praksis og kvalitet og det gjer det vanskeleg å samanlikne frå år til år. Det vert lagt opp til ein gjennomgang med dei respektive selskapene i løpet av våren 2022.
- 50 prosent gjenbruk av inventar og utstyr i fylkeskommunale byggjeprosjekt er lagt inn som resultatmål i alle store byggeprosjekta, blir følgt opp når prosjekta er ferdigstilt
- Fylkeskommunen har bidratt inn i Riksantkvaren sitt arbeid med [eksempelsamling på gjenbruk av gammal bygningsmasse](#), denne vart publisert i januar 2022

Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu



Oppsummering av status for 2021:

I 2021 gjennomførte vi saman med FHI ei folkehelseundersøking som gav oss god kunnskap om trivsel, livskvalitet og levevanar i Møre og Romsdal. 74 prosent har høg grad av trivsel i sitt nærmiljø. Det er også i 2021 lagt eit godt grunnlag for meistring og trivsel i dei vidaregåande skolane i fylket, der vi er blant dei beste på gjennomføring. Det er auke i del ungdommar som får lære plass. Det er også stor tilfredsheit med karriererettleiinga for vaksne som fylkeskommunen tilbyr. Samtidig melder både offentleg og privat sektor om utfordringar knytt til rekruttering av kvalifisert arbeidskraft.

Saman med kommunane og næringsliv har fylkeskommunen vore med å realisere sentrumsutviklingsprosjekt i både byar og tettstader. Det er arbeidd med bypakkar for Ålesund og Kristiansund. I samarbeid med Distriktsenteret har vi vore med å styrke samfunnsutviklarrolla til fire distriktskommunar.

Koronapandemien medverka sterkt til at fylkeskommunen verken nådde målet om auke i kollektivtrafikken, eller målet om dekningsgrad i den offentlege tannhelsa. Tannhelsetenesta har i tillegg møtt utfordringar knytt til rekruttering av nye tannlegar. Men framleis har ungdommar i fylket færre hol i tennene enn landsgjennomsnittet.

Kultursektoren er hardt råka av pandemien. Fylkeskommunen sin innsats har derfor vore ekstra viktig i 2021. Profesjonelle, frivillige, og aktørar som jobbar med kulturarv i reiseliv og kulturelle og kreative næringar kunne søke om tilskot frå ei stimuleringsordning på 5,7 millionar kroner. Alle barn og unge har fått oppleve kultur gjennom Den kulturelle skolesekken og mange eldre har fått tilbod gjennom Den kulturelle spaserstokken. Det er arbeidd med å styrke folkebiblioteka, kunstfeltet, musea og frivillig sektor. Felles mål for arbeidet er sett i fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer som vart vedtatt i 2021.

Men vel fleire å bu i Møre og Romsdal? I 2021 auka folketalet i Møre og Romsdal med 304 personar. Det er ein vekst på 0,1 prosent, mot eit landsgjennomsnitt på 0,6 prosent.

Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørsle, tryggleik og tilgjenge

- Vi har gjennomført kurs for kommunane (og internt) i [konsekvensutgreiingar for folkehelse](#)
- Saman med Statsforvaltaren og Møre og Romsdal idrettskrets har vi kartlagt ulike levekårområde i kommunane i ei [Levekårsundersøking](#)
- [Folkehelseundersøking](#) er gjennomført i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI), kommunane og høgskolane i fylket. Resultata av undersøkinga har blitt formidla til politikarane, kommunane og innbyggjarane i fylket
- Det er gjennomført samling med kommunane med tema anleggsutvikling og aktivitet
- Det er gjennomført 1102 intervju med reisande og 1098 webintervju for å måle kundetilfredsleita med kollektivtransporten i fylket
- Talet på kollektivreiser med buss er redusert med 1,5 prosent samanlikna med 2020, og talet på reiser med hurtigbåt er redusert med 10,9 prosent samanlikna med 2020. Tala viser at kollektivtransporten vart påverka av koronapandemien også i 2021
- Talet på kollektivreiser (utan skoleskyss) med buss i 2021 er 68,7 prosent samanlikna med nivået i 2019 (før-Korona). I tal gir det 4 mill. reiser i 2021 mot 5,8 mill. reiser i 2019

Møre og Romsdal skal ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse

- Lågare dekningsgrad for barn, unge og eldre som følge av koronapandemien (smitteverntiltak og innskrenka behandlingsomfang) og vakante behandlerstillingar
- Tannhelsetilstanden, målt i førekost av karies, har betra seg for indikatorårskulla 5- og 12-åringar. For 15- og 18-åringane derimot er det ein liten auke frå 2020 i førekosten av karies. Vi ligg framleis under landsgjennomsnittet for 12-, 15- og 18-åringane
- Både klinikstrukturen og driftsrammene er endra gjennom omstillingsprosjektet "Omstilling 2020". Omorganiseringa skal sikre ein fullfinansiert tenestestruktur med betre førsetnader for rekruttering og stabil bemanning
- Koronasituasjonen og strenge smitteverntiltak har medført at tannhelsetenesta har mista møteplassar for kompetansedeling og fagleg utvikling. IT-infrastrukturen er framleis ikkje tilpassa digital samhandling på klinikknivå
- Sjukefråveret har blitt redusert frå 11% i 2020 til 10,5 % i 2021, men ligg framleis over måltalet på 7%. Koronapandemien og smitteverntiltaka i tannhelsesektoren har gitt lågare terskel for tilsette for å halde seg heime ved teikn på luftvegsinfeksjonar.
- Nybygd distriktstannklinikk med 9 behandlingsrom, kvilerom for pasientar som har fått sedasjon og eige røntgenrom med heilt ny OPG, vart sett i drift i nyopna Hareid helsehus. Endringane i klinikstrukturen på ytre Søre Sunnmøre, i Hareid, Ulstein og Sande kommunar, er med etableringa av nye Hareid distriktstannklinikk i mål
- Fem nyinnkjøpte mobile behandlingseiningar har blitt testa ut i 2021. Behandlingseiningane vil bli nytta for å utføre tannhelsetenester på helseinstitusjonar og sjukeheimar for lite mobile pasientar

Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggjarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det

- 2021 var eit år prega av pandemi og handtering av denne. Fylkestinget har invitert Helse Møre og Romsdal til å halde orientering om arbeid og utfordringar i helseføretaket, men dette

har vorte utsett med bakgrunn i koronapandemien.

Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring

- 80,5 prosent av dei som starta på vidaregåande opplæring i 2014 har fullført med studiekompetanse etter 5 år eller yrkeskompetanse etter 6 år
- Heile 91,3 prosent av elevane som starta på vidaregåande skole hausten 2020 fullførte og besto skoleåret
- 2,4 prosent av dei som starta på skoleåret 2020-2021 slutta i løpet av året, dette er ein del betre enn det nasjonale snittet på 3 prosent
- 87,9 prosent av elevar på vg2-yrkesfag som primært ønska læreplass fekk det, talet for 2020 var 83,5 prosent
- I 2021 auka talet på inngåtte lærer- og opplæringskontraktar til 1 494, det høgste talet på mange år
- 80 prosent av dei som søkte vidaregåande opplæring for vaksne fekk tilbod om opplæring i 2020-2021
- 88 prosent (631 av 714) av dei vaksne som starta på kurs skoleåret 2020-2021, fullførte kurset
- I 2021 vart dei offentlege fagskolane i fylket slått saman til Fagskolen Møre og Romsdal, og det vart sett i gang arbeid for å etablere nye, fleksible og framtidsretta studiar ved skolen
- Det vart gjennomført 627 karriererettleiingar for vaksne i Karriere Møre og Romsdal i 2021 og heile 94 % av brukarane var nøgd med rettleiinga dei fekk
- Det vart gjennomført 102 karriererettleiingar for flyktninger busett i fylke
- Fylkeskommunen fekk akkreditering som Erasmus+ konsortium for mobilitet på studiespesialiseringande utdanningsprogram fram til 2027, slik at skolar kan gi elevar og tilsette kompetanseutvikling gjennom opphold i utlandet
- I den kulturelle skolesekken (DKS) er det utvikla nye modellar, som gjer det mogeleg for fleire elevar og lærarar å medverke i programmet for kommande skoleår
- Ein offentleg sektor ph.d.-stipendiat knytt til Universitetet i Agder held på å analysere kva kunsterfaringar ungdommar kan få gjennom dataspel og interaktive medium. Elevar ved Atlanten ungdomsskole medverkar i forskinga
- Det er gjennomført regionale samlingar for å synleggjere og styrke biblioteka og dei frivillige organisasjonane sin posisjon og rolle for å fremme livslang læring
- For å styrka folkebiblioteka som desentraliserte litteraturhus og aktive formidlarar av kunnskap er det gitt tilskot til Litteraturhus Møre og Romsdal og deltaking i eit fleirårig nasjonalt prosjekt om formidling i folkebibliotek
- Det er etablert forskings- og utviklingsprosjekt innan interaktive kunstformer i samarbeid med kommune, stat og kunstnarar
- FRAM har tilbydt [skoleskyss](#) til omlag 15 000 elevar på grunnskole og vidaregåande i 2021. Desse elevane har fått transport med buss, ferje og hurtigbåt

Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med sær preg, som tilbyr gode bummiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport

- I [tettstadprogrammet](#) er det i 2021 fullført følgande prosjekt: Kataholmen i Vestnes, sjøfronten i Valldal, skateparken i Ørsta og Tussaparken i Ørsta. Det er starta arbeid med torget i Aure, miljøgate i Elnesvågen, kaia i Tingvollvågen og elvaparken i Volda

- Bysamarbeidet «[Byen som regional motor](#)» (BRM) har vore vidareført i 2021, i ei nedskalert utgåve. Det blei gjennomført ei fellessamling for prosjektgruppene i Kristiansund, Molde og Ålesund i oktober 2021, i Ålesund
- Det vart tildelt 1,9 mill. kroner til byutviklingsprosjekt i dei tre største byane, etter utlysing hausten 2021
- Vi har gjennomført [Tettstadseminar](#) for kommunane
- For å styrke kunnskapen om og forvaltning av verdifull by og tettstad har fylkeskommunen starta opp samarbeid med kommunane Kristiansund, Molde og Åndalsnes om gjenreisningsarkitektur
- Felles program for berekraftig by og tettstadutvikling er vedtatt. [Les meir på programmet på mrfylke.no](#)
- Det har vore gjennomført medverknadsaktivitetar og samla kunnskapsgrunnlag til [fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader](#), inkludert ei [handelsanalyse](#) for alle bu- og arbeidsmarknadsregionane i fylket
- Saman med Distriktsenteret har fylkeskommunen arbeidd for å styrke distriktskommunar i samfunnsutviklerrolla, kalla [Veileddningspiloten](#). Prosjektet inkluderer i Møre og Romsdal kommunane Fjord, Aure, Tingvoll og Sande
- Det blir arbeidd kontinuerleg med fråsegn og rådgiving ved arealplanbehandling i byar og tettstadar for å sikre gode kvalitetar i dei historisk verneverdig kulturmiljøa
- På grunn av koronapandemien har talet på kollektivreiser i sum gått ned. Det er ikkje gjennomført målingar av kollektivandelar i 2021
- Biltrafikken i fylket i 2021 er på same nivå som i 2019, medan talet på kollektivreiser i 2021 var på 66 prosent av 2019-nivået.
- For Bypakke Ålesund var det gjort vedtak om bompengar i Stortinget i juni 2021. Styringsgruppa har vedtatt utbyggingsplanen. Det er i 2021 starta opp planlegging, førebuing og prosjektering av fylkeskommunale prosjekt i bypakken, samt at det er gjennomført eit strakstiltak på kollektiv.
- Fylkeskommunen deltok i treparts-samarbeidet mellom Statens vegvesen, Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2021 vart det gjennomført planlegging, og utarbeiding av fagleg grunnlag for Bypakke Kristiansund.

[Møre og Romsdal skal ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfold og engasjement](#)

- Fylkeskommunen har arrangert [ABM-konferansen](#) for å fremma heilskapleg tenking rundt arkiv, bibliotek og museum
- 43.000 elevar har i 2021 fått oppleve profesjonelle kunstforestillingar på sin skole, med [Den kulturelle skolesekken](#)
- Gjennom ordninga «[Kulturrabatt for ungdom](#)» har unge 15-20 år fått tilgang på rimelegare kulturopplevingar. 26 aktørar var med i ordninga i 2021, og det vart selt omkring 1 500 billettar med ungdomsrabatt
- [Den kulturelle spaserstokken](#) sikrar at eldre i kvar kommune får tilgang til profesjonelle kunstopplevingar. Fylkeskommunen arrangerte 15 konserter med Kviven duo, og rundt 25 konserter med «Den glade enke»
- Mangfold og tilgjenge er etablert som kriterium i tildelinga av fylkeskommunale prosjektilskot til aktivitet i kulturlivet

[Verdiskapingsfylket](#)

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor



Oppsummering av status for 2021:

Den nye fylkesstrategien for forskning og innovasjon sett retning for utvikling av næringsliv og offentleg sektor i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen har i 2021 tatt grep for å styrke eksportnæringane og stimulere til utvikling av nye næringar i Møre og Romsdal, gjennom satsinga «Skaparkraft». Gründertenesta hoppid.id er utvikla vidare og bidrog til 550 nye forretningsidear. Det er etablert verdiskapingsprogram for kulturell og kreativ næring. Reiselivsnæringa har fått støtte til marknadsføring av fylket og det er gjennomført samlingar i dei fire bedriftsnettverka der reiselivsbedrifter, matprodusentar og kulturaktørar samarbeider om nye produkt. Det er ei eiga satsing på kulturarven vår langs historiske strekningar, og i samband med dette er det etablert regionalt pilegrimssenter på Smøla. I 2021 auka Møre og Romsdal sin del av dei innanlandske turistane.

Det er ein tydeleg auke i forskings- og innovasjonsprosjekt som fylkeskommunen finansierer og deltek i. Det gjeld innan alle fagområda i fylkeskommunen. Det er gjennomført prosessar for innovative innkjøp, og arbeidet med robotisering av arbeidsprosessar i fylkeskommunen er ført vidare. Prosjektet Digi Møre og Romsdal har bidratt til kompetanseheving på digitalisering både i fylkeskommunen og i alle kommunane.

Fylkeskommunen har vore med på å sette premisser for nasjonal næringspolitikk og samferdselspolitikk. Fylkeskommunen har i 2021 prioritert store ressursar på å gjere transportsystemet trygt, smart og miljøvennleg, og tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov. Fylkesstrategi for samferdsel som vart vedtatt i juni er førande for arbeidet.

Ein viktig føresetnad for å ta del i det grøne skiftet, er å ha tilgang på klimanøytral energi. Det er i 2021 kartlagt framtidig kraftbehov og moglegheiter for effektivisering av kraftnettet.

Legg vi sysselsettingstala til grunn, kan vi seie at Møre og Romsdal utviklar seg i tråd med målet, men likevel svakare enn landsgjennomsnittet. Sysselsettinga i Møre og Romsdal auka med 2,3 prosent frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021. Om lag tre fjerdedelar av den samla veksten kom frå privat sektor, som auka med 2,7 prosent. Nasjonalt var veksten totalt 3,0 prosent og 3,8 prosent i privat sektor.

Møre og Romsdal skal ha eit omstillingssyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurranseskraft

- Det ti-årige programmet «Skaparkraft» vart vedtatt av fylkestinget. Formålet er å styrke eksportnæringane og stimulere til utvikling av nye næringar
- Samferdselsområdet har lagt til rette for og gjennomført fleire møte mellom politisk nivå i Møre og Romsdal og sentrale styresmakter i samband med arbeid med Nasjonal transportplan for 2022-2033
- Ein ny fylkesstrategi for forsking og innovasjon, "Samarbeid for vekst", vart ferdigstilt i 2021. Strategien er felles for næringsliv og kommunar i Møre og Romsdal
- Fylkeskommunen har deltatt i utarbeiding av programmet "New Blue Deal" som omhandlar korleis den maritime industrien på Nordvestlandet skal bli verdas første utsleppsfrie maritime klyngje
- Delprogrammet «Grøne industrielle løft» i Skaparkraft er vedtatt og prosjekteiar rekruttert

Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering

- Det vart registrert 550 nye forretningsidear gjennom hoppid.no si digitale gründerhjelp
- Verdiskapingsprogrammet Virði innan kulturell og kreativ næring er etablert. Hovudarbeidsområde for programmet er kunstnarøkonomi, bransjeutvikling og kompetanse
- Det er delt ut tilskot til stimulering og bransjeutvikling innan kulturell og kreativ næring
- I samarbeid med kompetanse- og næringsavdelinga har seksjon for berekraft etablert ei tilskotsordning for samarbeid om utviklingsprosjekt mellom kommunar og gründarar

Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur

- Regionalt pilegrimssenter Smøla er etablert i samarbeid mellom fylkeskommunar, stat, vertskommune og regionmuseum
- Fylkeskommunen har bidratt til å marknadsføre fylket gjennom Møre og Romsdal reiseliv og Fjord Norge
- Eit kunnskapsgrunnlag for mineralressursar i Møre og Romsdal vart utarbeidd i 2021, saman med forslag til eit program for vidare kartlegging og oppfølging
- I prosjekt Geiranger verdsarvområde er det sett i gang arbeid med parkeringshall, småbåthamn og sentrumsplanlegging
- Det er arbeidd med kunnskapsgrunnlag og gjennomført medverknadsprosess til ny fylkesstrategi for landbruk
- FRAM har sett i gang eit pilotprosjekt innan bestillingstransport mellom Ørsta/Volda og Ørsta/Volda lufthamn Hovden. [Les meir om prosjektet på frammr.no](#)

Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp

- Delen av forskingsverkemidla frå Norges forskningsråd til Møre og Romsdal er litt høgare enn for 2020
- Bygg- og eigedomsavdelinga har gjennomført tre innovative anskaffingar i 2021 (digital tvilling til Campus Kristiansund, innovative byggemetodar for Ørsta KKS og nytt byggherreverktøy.)
- Arbeidet med robotisering av arbeidsprosessar er ført vidare: 8 RPA-prosessar (Robotic Process Automation) er utvikla og sett i produksjon i 2021
- Det er gjennomført tiltak for betre styring og samordning av fylkeskommunen sine utviklingsprosjekt og program m..a. prosessleiararkurs for leiargrupper og kurs i digital prosessleiring.
- Nasjonalt er det no gjort tilgjengeleg meir midlar til forsking innan planfaget, og fylkeskommunen deltek i fleire forskingsprosjekt om planlegging t.d. [SmartPlan](#), [Twin fjord](#) og Nordregio sin arbeidsgruppe Green and Inclusive Urban Development in the Nordics (2021-2024)
- Seks stipend til masteroppgåver innan kultur vart tildelt til studentar i fylket
- Samferdselsområdet har blitt med i to nye forskingsprosjekt, ZEVS (Zero Emission Vehicle Services) med TØI i lead, og SUSTAIN (Sustainable and just transport policies in Norwegian medium-sized cities) med CICERO i lead
- [Prosjektet Smartere transport](#) i Møre og Romsdal held planlagt framdrift og vil halde fram i 2022
- Ved alle innkjøp på kollektivområdet er metodikk for innovative innkjøp vurdert
- Det er i 2021 fullført to prosjekt om utvikling av nye, innovative måtar å bygge bruer på
- Fylkeskommunen har deltatt i Digi Møre og Romsdal sitt kompetanseløft om digital transformasjon

Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov

- Det er asfaltert om lag 200 km fylkesveg i 2021, noko som er nær ei dobling frå 2020 og utgjer om lag 6,5 % av det totale fylkesvegnettet. [Du kan lese meir på mrfylke.no](#)
- Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal omfattar mange tusen ulike vegobjekt, som er viktige og avgjerande for vegens funksjon. Kontroll på tilstand gjennom inspeksjonar er ein viktig føresetnad for å kunne prioritere tiltak for å sikre trygge og framkommelege fylkesvegar. I 2021 er det utført større vedlikehaldstiltak mellom anna på ferjekaiene på fv. 670 Kvanne og Rykkjem, på fv. 60 Ringstadbruene, samt starta bergsikring i Øksendalstunnelen på fv. 62
- Kvart år gjennomfører vi ulike mindre trafikktryggingstiltak langs fylkesvegnettet. [På mrfylke.no finn du oversikt over prosjekta i 2021](#)
- Skredssikring av Ågothammaren (Eikesdalen i Molde kommune) starta opp i 2021 og er planlagt ferdig i 2022
- Fylkesvegavdelinga har i 2021 gjort eit omfattande arbeid for å kartlegge og fylkesvegstrekningar som kan opnast for modulvogntog. Ved siste oppdatering av veglista er det opna for modulvogntog på ein rekke fylkesvegar: [Kart - strekningar opna for modulvogntog i Møre og Romsdal](#)
- Fylkesstrategi for samferdsel vart vedtatt i 2021. Strategien legg føringerar for korleis fylkeskommunen skal legge til rette for ei transportsystem som tener innbyggjarane i Møre og Romsdal

- Det er gjennomført justeringar i ferjetilbodet etter innspel frå kommunar og næringsliv. Som til dømes rute 31 Aukra-Hollingsholmen, rute 50 Seivika-Tømmervåg og rute 54 Edøy-Sandvika

Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

- Fylkeskommunen har bidratt med midlar og delteke i omstillingsprosjekt for større mangfald i næringslivet i kommunane Hareid og Sykkylven
- Vi har i 2021 tilsett koordinator seriøst arbeidsliv
- Fylkeskommunen har nådd målet for 2021 om å tilby minst fire personar arbeidstrening, ha minst to traineear på arbeidserfaring og tilby minst 24 lærlingar læreplass i fylkeskommunen
- I Nordøyvegprosjektet er det i 2021 utført 24 460 arbeidstimar av lærlingar
- For alle vegprosjekt blir det gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt

Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

- Nødvendig kraftbehov og infrastruktur for framtida er kartlagt gjennom lastprognosar og lastanalyssar
- Utgreiing for effektivisering av nettstrukturen i Møre og Romsdal er gjennomført

Store prosjekt

Fylkeskommunen har mange ulike prosjekt og satsingar. Her finn du ei oversikt over nokre av dei største satsingane og prosjekta som det blir arbeidd med no.

Samfunnsutvikling

Berekraftfylket

Berekraftfylket Møre og Romsdal er eit svar på regjeringa sine forventningar om at berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Med dette prosjektet ønsker Møre og Romsdal å ta ei tydeleg rolle i å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida, og bidra som pådrivar og koordinator for berekraftsarbeidet i regionen.

I 2021 har alle kommunane blitt ferdig med eit omfattande kartleggingsarbeid som gjer kunnskap om lokal status på berekraft. FN-programmet U4SSC blei brukt som metodegrunnlag. Ein regional berekraftsprofil har også blitt utarbeidd. Saman med kommunane har regional stat, næringsliv, frivillig sektor og akademia har blitt invitert med i satsinga, og aktiviteten er aukande.

Møre og Romsdal fylkeskommunen har og ein sentral plass i det nasjonale berekraftnettverket og samarbeider tett med andre norske fylkeskommunar og kommunar for eit nasjonalt berekraftløft. [Les meir om berekraftsfylket på mrfylke.no](#)

Campus Kristiansund

Campus Kristiansund (CKSU) skal samle høgare utdanning, forsking og innovasjon på ein felles campus i Kristiansund sentrum. Prosjektet koordinerer dei ulike samfunnsaktørane som jobbar for dette.

Dugnaden for å utvikle CKSU har mellom anna resultert i

- ei dobling av studenttalet og ei rekke nye studietilbod
- samling av innovasjons- og utviklingsmiljø
- statleg finansiering av 150 studieplassar
- nytt studenthus og øvingslab for helsefag
- etablering av Møreforsking i Kristiansund og løying på 4,2 mill. kroner over tre år frå fylkeskommunen til oppbygging av biomarint forskingsmiljø på campus.
- fleire faglege møteplassar og etablering av nettverk og fagsamarbeid, til dømes den digitale Algemania-konferansen i oktober, med deltaking frå 22 land.

Reguleringsplana for Campusutbygginga vart godkjend i oktober, og Møre og Romsdal fylkeskommune som første store leidgetakar skreiv under leigekontrakt i juni. Det har vore arbeidd vidare med FoU-miljøa i bygget og med miksen av aktørar. Campus Kristiansund vil etter planen vere klar for innflytting hausten 2024. [Les meir om prosjektet på mrfylke.no](#)

Møre og Romsdal 2025

Møre og Romsdal 2025 er eit program som skal styrke samarbeidet i offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal. Programmet er leia av fylkeskommunen, og samarbeidspartnerar er Statsforvaltaren, kommunar og statlege aktørar med ansvar for fylket.

For å nå målsettingane om ein godt samordna offentleg sektor arbeider programmet på to måtar: skape gode møteplassar for å legge til rette for samarbeid, og fasilitere fylkesdekkande fellessatsingar på område ønska av deltakarane - berekraft, digitalisering og utanforskning.

Eit midtvegsevaluering av programmet vart gjort i 2021, og tilbakemeldinga frå ordførarar, kommunedirektørar og leiarar av statlege verksemder var

- Samarbeidet i offentleg sektor er betre enn ved oppstart av MR2025
- MR2025 og tiltaka i programmet har god effekt
- Satsingane treff tematisk – område der det er behov for samarbeid for å løyse samfunnsoppdraget

I 2021 arrangerte MR2025 Nyttårskonferansen for toppleiarar i offentleg sektor og 2 statsetatsmøter. I tillegg til dei to største regionale fellessatsingane – Berekraftfylket og Digi Møre og Romsdal, har MR2025 fasilitert og støtta fellessatsingar på statlege arbeidsplassar, utvikling av ung entreprenørskap, nullvisjon for utanforskning og levekårsnettverket.

[Les meir om prosjektet på mrfylke.no](#)

Skaparkraft

Møre og Romsdal har landets mest eksportretta næringsliv og har dobbelt så høge eksportinntekter per sysselsett som gjennomsnittet i Noreg. Låge oljeprisar, pandemi, klima- og naturkrisa fører til at næringslivet har store omstillingbehov. Fylkeskommunen har derfor etablert eit tiårig omstillingsprogram, med formål om å styrke eksportnæringane i fylket.

Programmet har fått namnet «Skaparkraft». Med utgangspunkt i eit kunnskapsgrunnlag utarbeidd av Menon Economics, er det no vedtatt fire delprogram/innsatsområde:

- Grøne industrielle løft: legge til rette for at bedriftene investerer i grøne, berekraftige løysingar og produkt som kan kommersialiserast globalt

- Kompetanse i og for næringslivet: kompetansebehov i næringslivet og utdanningstilbod på alle nivå i utdanningssystemet må henge sammen
- Smart teknologi: bedriftene si evne til å bruke og utvikle avansert teknologi og nye digitale løysingar vil vere avgjerdande for bedriftene sin produktivitet, konkurransekraft og vekstevne
- Energi: Energi og infrastruktur er grunnlaget for å få til verdiskaping og grøn omstilling

Skaparkraft vart vedtatt av fylkestinget i desember 2021, med ei økonomisk ramme på 15 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden. Programmet har fått på plass programleiar og tre prosjektleiarar til delprogramma og prosjektorganisasjonen vil vere operativ frå 2022.

Byen som regional motor

Kristiansund, Molde og Ålesund har i ei årrekke samarbeida gjennom prosjektet Byen som regional motor. Målet har vore å utvikle attraktive byer og stimulere til vekst og utvikling, både i byane og omlandet. "Byen som regional motor" blei evaluert våren 2021. Satsinga har vore viktig for kompetanseheving om byutvikling i dei tre bykommunane. Satsinga har gjort det lettare for kommunane å prioritere byutviklingstiltak.

Etter fire år med ei betydeleg økonomisk satsing i prosjektet (2017-2020), har prosjektet i 2021 blitt tatt vidare i litt mindre format. I 2021 har eit viktig satsingsområde vore å sikre framdrift i prosjekt som allereie ar fått støtte. Pandemien gjorde det krevjande å få gjennomført fellesmøte mellom prosjektgruppene i byane i 2021. Det blei gjennomført eit fellesmøte i Ålesund i oktober 2021, i tilknyting til BraBy-konferansen.

Det blei lyst ut og tildelt 2 mill. kroner til byutviklingstiltak hausten 2021. Kristiansund kommune fekk støtte til prosjektet «Attraktiv region». Molde kommune fekk støtte til sitt «InnbyggarLab»-prosjekt. Ålesund kommune fekk tilskot til eit prosjekt med å oppgradere byrom i sentrum. [Les meir om prosjektet på mrfylke.no](#)

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2021 etablert eit samla program for berekraftig by- og tettstadutvikling. Programmet har delprosjekt for utvikling av byane, tettstadene og nye mobilitetsløysingar, og skal bidra til å styrke fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle i samarbeid med kommunane. Programmet blei vedtatt i desember 2021, med effekt frå 2022.

Omstilling Geirangerfjorden verdsarvområde og omland

Fylkesutvalet vedtok samråystes i mars 2020 å setje av 10 mill. kroner over 3,5 år med mål om at Møre og Romsdal fylkeskommune skal ta eit tydelegare ansvar for ei positiv utvikling og naudsynt omstilling av Geiranger og verdsarvområdet. Det vart tilsett prosjektleiar for å koordinere aktiviteten i fylkeskommunen og mellom forvaltningsnivåa.

Prosjektet jobbar for å legge til rette for nærings- og samfunnsutvikling i Geirangerfjorden verdsarvområde og omland, gjennom koordinering og finansiering av delprosjekt som bidreg til:

- Auka verdiskaping per turist/besøkande, gjennom tiltak som sikrar berekraftig utvikling og forvalting av Geirangerfjorden verdsarvområde
- Lågare miljømessig fotavtrykk per turist/besøkande, med særleg fokus på omstilling til utslepps fri ferdsel på verdsarvfjordane frå 2026, og meir miljøvenleg ferdsel på veg
- Auka heilårssbusetjing i Geirangerfjorden verdsarvområde med omland, gjennom utvikling av fleire heilårsopplevelingar og –arbeidsplassar
- Betre samarbeid og koordinering mellom forvaltning og næring i Geirangerfjorden verdsarvområde og omland, ved å sikre informasjonsflyt og -deling mellom relevante aktørar

- Betre vilkåra for landbruket i Geirangerfjorden verdsarvområde og omland, gjennom utprøving av nye verkemiddel, t.d. gjennom utprøving av ein variant av "sveitsisk landbruksmodell".

Omstilling Geirangerfjorden verdsarvområde og omland har forankring i fylkesplanen, FNs berekraftsmål og nasjonal reiselivsstrategi. Vidare nyttar ein allereie utarbeidde analysar og planar for verdsarvområdet, blant anna Masterplan Geiranger og Det store bildet, som strategisk underlag for arbeidet i prosjektet.

Samferdsel

Nordøyvegen

Nordøyvegen er det største fylkesvegprosjektet i Noreg og det største utbyggingsprosjektet i Møre og Romsdal fylkeskommune nokon gong. Vegen skal knyte Ålesund kommune saman gjennom fastlandssamband til Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya/Skuløya, Fjørtofta og Harøya. Prosjektet inneholder tre undersjøiske tunnelar, tre bruer, ein demning på Lepsøyrevet, nye vegar på sjøfylling og ny veg over Fjørtofta. Kostnadsramma er 5,8 milliardar 2021-kr. Møre og Romsdal fylkeskommune har kontrakt med Skanska om bygginga av Nordøyvegen. Kraftmontasje AS frå Vestnes prosjekterer og gjennomfører elektro- og automasjonsarbeida i prosjektet.

18. desember 2021 vart Nordøyvegen opna for trafikk mellom Flemsøy/Skuløy, Haramsøya, Lepsøya og fastlandet, over eit halvt år før planlagt opning. På grunn av pandemien vart vegopninga gjennomført digitalt og utan publikum, men fleire tusen køyerte i kortesje i samband med opninga.

173 bedrifter har så langt vore involvert i bygginga av Nordøyvegen, 65 av desse hører heime i Møre og Romsdal. I tillegg kjem leverandørar og servicebedrifter. Av dei 1300 menneska som så langt har vore med på bygginga av Nordøyvegen, har ein av tre postadresse i Møre og Romsdal.

Koronapandemien har gitt utfordringar også i 2021, i form av restriksjonar, heimekontor og innreisekarantene for arbeidarar hos entreprenør. Pandemien har gitt og gir framleis ekstrakostnadar for prosjektet, men per no har det ikkje skapt forseinkingar i framdrifta.

Fjørtoftfjordtunnelen mellom Harøya og Fjørtofta opnar for trafikk 16. juni 2022. Nogvafjordtunnelen mellom Flemsøy/Skuløy og Fjørtofta opnar for trafikk 27. august 2022. Da blir det også offisiell markering og opning av heile prosjektet. Nordøyvegen blir gjennomført innanfor vedtatt kostnadsramm

[Les meir om prosjektet på mrfylke.no/nordoyvegen](http://mrfylke.no/nordoyvegen)

Skredsikring Korsmyra – Indreeide

Indreeidstunellen på fv. 63 mellom Korsmyra i Stranda kommune og Indreeide i Fjord kommune er under bygging. Tunnelen går forbi 13 skredpunkt på strekninga og vil gje sikrare og meir føreseieleg framkomme for innbyggjarar, turistar og næringsliv. Første salve vart sprengt i november 2020, og tunnelen skal etter planen opne for trafikk før vintersesongen 2023/2024. Ved årsskiftet 2021/2022 er om lag 75 % av tunneldrivinga ferdig. Vedtatt kostnadsramme for prosjektet er 840 mill. 2020-kroner.

[Les meir om prosjektet på mrfylke.no/korsmyra](http://mrfylke.no/korsmyra)

Bypakke Ålesund

Stortinget gjorde i juni 2021 vedtak om bompengar for bypakke Ålesund. Styringsgruppa har vedtatt utbyggingsplanen. I 2021 er det starta opp planlegging, førebuing og prosjektering av fylkeskommunale prosjekt i bypakken, samt at det er gjennomført eit strakstiltak på kollektiv. Det er

mellan anna starta planlegging av nytt kollektivknutepunkt i sentrum som har byggjestrart i 2023 og planlegging av strakstiltak innanfor trafikktryggleik, sykkel og kollektiv som skal byggast i 2022. Første fylkeskommunale prosjekt i bypakken er og ferdig i løpet av 2021. Det gjeld prioritering av buss i lyskryss. Det er installert einingar i styreskapa til lyskryssa som hentar informasjon frå bussane. Det gjer det enklare for bussen å halde ruta og kan til dømes gi bussen prioritet om han er forseinka.

Innovasjonspartnarskap om nye bruløysingar

Møre og Romsdal fylkeskommune inngjekk i 2020 to avtalar om innovasjonsprosjekt for bygging av bruer i framtida. Prosjektet kom i gang med hjelp av kompetanse frå Nasjonalt program for leverandørutvikling og med økonomisk støtte frå Innovasjon Norge.

Det er Prodtx AS og Aa-Jakobsen AS som har hatt i oppdrag å utvikle nye, innovative måtar å bygge bruer på. Prodtx AS har beskrive korleis ei stålbru kan bli bygd ved hjelp av moderne produksjonsteknologi i lokalt etablerte stålfabrikkar. Samtidig har dei utvikla sveiseteknologi for å vise at laserhybridsveis er betre egna enn tradisjonell MIG-sveis. Aas-Jakobsen AS har laga ein rettleiar for prosjektering og bygging av segmentbru i betong for spennvidde frå 35 til 60 meter. Arbeidet dei har gjort opnar for produksjon av segmentbru i Noreg

[Les meir om prosjektet her.](#)

Smartare transport

Prosjekt skal utgreie løysingar for eit framtidsretta system for kollektivtransport med autonome og utsleppsfree passasjerbåtar i byar. Måla for prosjektet er mellom anna å:

- Bruke vassvegen som avlastning til vegnettet
- Bidra til eit framtidsretta og fleksibelt kollektivtilbod i byane
- Gi kollektivreisande betre oversikt, mobilitet og brukarvennlegheit
- Skape nærings- og kunnskapsutvikling

Med Ålesund og Kristiansund som utgangspunkt har prosjektet gjennomført transportfaglege analysar og gjort ei grundig kartlegging av status for autonomi til sjøs i dag. Basert på dette grunnlaget har prosjektet arbeidd med ulike fartøykonsept, framdriftssystem, seglingsfrekvensar og – mønster, smarte styringssystem og nødvendig landbasert infrastruktur. Passasjertryggleik, regulatoriske utfordringar og datatryggleik er også viktige tema som blir belyst gjennom dei pågåande aktivitetane i prosjektet.

Prosjektet blir utvikla i samarbeid mellom SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune.

[Les meir om prosjektet her.](#)

Verdiskaping

Ein bit av historia

Verdiskapingsprogrammet Ein bit av historia skal stimulere til at det veks fram nye tilbod, opplevingar og arbeidsplassar som bygger på historia og kulturarven vår langs historiske strekningar i Møre og Romsdal. I 2019 – 2021 set vi søkelyset på Valldalsleia, Kystpilegrimsleia og Den Trondhjemske postvei.

2020-2021 har vi arbeidd med å utvikle digital historieformidling, og på bakgrunn av dette er det starta ei forskings- og utviklingsklynge mellom fylkeskommunen, NTNU vitenskapsmuseet, NIKU – Norsk institutt for kulturminneforsking, Kulturtanken og Tidvis utvikling as. Kynga har utvikla og testa digitale opplevingar av mellomalderkaupangen på Veøy og busettinga på Edøy.

Regionalt pilegrimssenter Smøla er no etablert som eiga avdeling i Stiftelsen Nordmøre museum, i samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og Smøla kommune.

Den Trondhjemske postvei går gjennom åtte kommunar i Møre og Romsdal. Heile strekninga er registrert og funna digitalisert. Tilskot til utvikling, skjøtsel og skilting vart delt ut i 2021. Det er no pågåande lokale postveg-prosjekt i sju av de åtte kommunane. Møre og Romsdal har tatt initiativ til eit nasjonalt postvegsamarbeid, blant anna gjennom etableringa av ny felles nettstad på alle postveg-fylka.

I året som gjekk lyste vi ut stimuleringsmidlar til prosjekt som løfter fram kulturarv som reiselivsprodukt i samarbeid med Riksantikvaren. Slik fekk vi blant anna i gang eit utviklingsprosjekt i regi av Stiftelsen Alnes Fyr.

[Les meir om Ein bit av historia på mrfylke.no](#)

Reiseliv, mat og kultur 2018 -2021

Møre og Romsdal er eit attraktivt reisemål. Turistane blir stadig meir reisevant og kresne, og etterspør ofte autentiske opplevingar og "det lille ekstra". Å kunne tilby tilreisande og lokalbefolkinga gode matopplevelingar og gode kulturopplevelingar, er viktig for å styrke Møre og Romsdal som opplevingsfylke nr 1 i landet.

Prosjektet har jobba for å bidra til auka lønsemd og verdiskaping i lokalt næringsliv. Det har derfor vore eit mål å bidra til fleire tilrettelagte opplevingar gjennom riktig og auka samhandling mellom mat-, kultur- og reiselivsaktørar, der mat og drikke blir produsert med lokale råvarer og basert på lokale mattradisjonar. Det har også vore jobba med sesongforlenging, for å gjere oss meir attraktiv som reisemål.

Også i 2021 har Covid-19 ført til nokre utfordringar for prosjektet og har mellom anna resultert i at det vart forlenga ut 2021. Det vart arrangert Opplevingsfestival i Molde i september med rundt 100 reiselivsbedrifter, matprodusentar og kulturaktørar. Dei fire pilotane (bedriftsnettverka) viser god progresjon, held fram med halvårlege fellessamlingar og det blir ytt individuell rettleiing til kvart enkelt nettverk. Arbeid med og oppfølging av pilotane er forlenga ut første halvår 2022.

[Les meir om prosjektet på mrfylke.no](#)